




INNOVASJON, BUSETTING OG NÆRINGSUTVIKLING

FORSTUDIE

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

HARALD HUSABØ
21. NOVEMBER 2019

Alt innhold, inkludert, men ikke begrenset til metoder og analyser i denne presentasjonen tilhører BDO AS eller BDO Advokater AS, og skal ikke kopieres eller distribueres uten vårt skriftlige samtykke.

Rapporten er utarbeida for oppdragsgivar basert på engasjementsbrev av 2. september 2019, og dekker berre dei føremål som med denne er avtalt. All anna bruk og distribusjon skjer for oppdragsgivars rekning og risiko. BDO vil ikkje kunne gjerast ansvarleg overfor ein tredjepart.

Vårt arbeid og våre vurderingar er bygd på data frå matrikkelregisteret, SSB, gjennomgang av studiar og samtaler med representantar frå næringslivet, kommune, hytteforeiningar og gjestearbeidarar. Vi har forsøkt å verifisere deler av informasjonen vi har motteke, vi kan ikkje gå god for at all informasjonen er fullstendig. Vårt arbeid er gjennomført innanfor ei avgrensa tidsramme og tidsperiode, og omfanget og fullstendet av analysane som er føreteke må sjåast i lys av dette. Vi kan ikkje gå god for at alle relevante forhold er avdekkja eller analysert.



BAKGRUNN OG INNLEIING

BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE VEDTOK Å GÅ INN I FORSTUDIE

- ▶ Med bakgrunn i satsingar i kommuneplanen 2014-2026 har Øystre Slidre kommune gjort eit vedtak om å setje i gang eit prosjekt for busetnad, innovasjon og næringsutvikling som ei konkret oppfølging av kommuneplanen.
- ▶ Prosjektet si konkrete målsetting er å auke talet på innbyggjarar i kommunen. Ei auke i innbyggartal vil innebære ei auke i tal arbeidsplassar i kommunen eller regionen.

Eit prosjekt for busetnad, innovasjon og næringsutvikling bør etter rådmannen si vurdering rette seg mot dei områda der kommunen har særskilte fortrinn for å styrke busetnaden og næringsutviklinga.

Følgande delområde som bør inngå i prosjektet:

- ▶ Frå deltidsinnbyggjar til innbyggjar
- ▶ Frå gjestearbeidar til innbyggjar
- ▶ Frå asylsøkjar til innbyggjar
- ▶ Har kommunen rett bustadforsyning?

FORSTUDIEN - DELOMRÅDER

DELOMRÅDER SOM SKAL UTREDAST I FORSTUDIEN

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

FORSTUDIE - MANDAT OG MÅL

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE VEDTOK Å GÅ INN I FORSTUDIE

► Resultatmål i prosjektet

1. Tydeleggjere problemstillingar og metodar for å svare på problemstillingane/delområda
2. Finne ulike studiar og prosjekt som er gjort tidlegare og som kan vere relevante for kommunen
3. Avklare moglegheiter for offentleg støtte i gjennomføringa av prosjektet
4. Involvering av lokalt næringsliv i prosjektet for sikre aktiv deltaking og forankring
5. Etablere budsjett for heile prosjektet med bemanning i prosjektperioden
6. Rapport frå forstudie som summerer funn frå forstudiefasen

► Avgrensingar i prosjektet

- Hovudfokus på delområde deltidssinnbyggjar og gjestearbeidar. Redusert omfang på dei to siste områda.
- Redusert fokus på punkt 3 og 5 blant resultatmåla.

FORSTUDIE - METODE

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

I forstudien har vi gjennomført fylgjande hovudaktivitetar:

- ▶ **Statistikk** - Analyser av data henta frå offentlege register, som kommunematrikkelen og SSB-analyser
- ▶ **Dokumentstudiar** - Vi har vore i kontakt med ulike forskingsinstitusjonar og fagorgan for innhenting av relevante rapportar og prosjekt som er gjort tidlegare andre stader i Norge, som er relevant for forstudiet i Øystre Slidre kommune
- ▶ **Kartleggingssamtaler** - i form av telefonintervju og personleg intervju av ulike personar som fell inn under dei ulike problemstillingane. Desse kjem både frå kommunen sine tilsette, næringsselskap, næringslivet, hytteforeiningar, innflyttarar og representantar frå andre kommunar.
- ▶ **Spørjeundersøkingar** - er ikkje gjort i forstudien, men blir anbefalt i forprosjektet



PROBLEMSTILLINGAR, KARTLEGGING, ANALYSE OG ANBEFALINGAR

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL INNBYGGAR

DETALJERING AV PROBLEMSTILLINGAR

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL INNBYGGAR

«KVA ER
BARRIERENE TIL Å
FAKTISK
GJENNOMFØRE
FLYTTING?»

PROBLEMSTILLING

- KOR MANGE ER DET I DENNE GRUPPA OG KVEN ER DEI?
- KVA SKAL TIL FOR AT DELTIDSINNBYGGARANE SKAL VERTE FULLTIDSINNBYGGARAR?
 - «PENDLE TIL BYEN»
 - FLYTTE VERKSEMDA TIL ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE
 - LEVE SOM PENSJONIST I ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL INNBYGGAR

HYPOTESER PÅ KRITERIER FOR FLYTTING

FRÅ
DELTIDSINNBYGGAR
TIL INNBYGGAR

«KVA ER DEI
VIKTIGASTE KRITERIA
FOR Å UTLØYSE
FLYTTING?»

VURDERINGSKRITERIER

- KVA ER VIKTIGE KRITERIER SOM VERTE VURDERT OM EIN SKAL BUSETTE SEG I FRITIDSBUSTADEN SIN?
 - INFRASTRUKTUR (VEGSTANDARD, FIBER MM)
 - STANDARD PÅ FRITIDSBUSTAD
 - URBANITET/SENTRUMSFUNKSJONAR
 - ØKONOMISKE INSENTIV
 - KUNNSKAP-/ INNOVASJONSSENTER (KONTORFELLESSKAP, NETTVERK)
 - KOMMUNALE TENESTER (BARNEHAGE, SKULE, HELSE OSV.)
 - OMREGULERING FRITIDSBUSTAD -> BOLIG

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL INNBYGGAR

INNHEITE DATA FOR Å VURDERE PROBLEMSTILLINGANE OG KRITERIA

FRÅ
DELTIDSINNBYGGAR
TIL INNBYGGAR

«KORLEIS INNHEITE
DATA FOR Å UTVIKLE
ELLER SVARE PÅ
PROBLEMSTILLINGANE?»

METODE

- KORLEIS FINNE SVAR PÅ DEI ULIKE PROBLEMSTILLINGANE OG KRITERIA?
 - STATISTIKK
 - KVEN ER EIGARANE AV FRITIDSBUSTADANE, KVAR ER DEI FRÅ, ANTAL, ALDER, YRKE/PERSONLEG NÆRNGSDRIVANDE
 - KOR MANGE ER FOLKEREGLSTERT I HYTTEFELTA I KOMMUNEN
 - KARTLEGGING AV STATISTIKK PÅ FRITUDSBUSTADANE; STORLEIK, BYGGEÅR, TYPE
 - GJENNOMGANG AV TIDLEGARE STUDIER
 - UNDERSØKE KVA FOR FORSKING OG STUDIER SOM HAR VORE GJORT TIDLEGARE, OPPRETTE KONTAKT OG GJENNOMGÅ PROSJEKT OG STUDIAR FOR VURDERING MOT PROSJEKTET (DISTRIKSSEENTERET, HØGSKULEN INNLANDET, TELEMARSKFORKSNING, VALDRES NÆRINGSNAGE, MM)
 - KARTLEGGINGSINTERVJU
 - INTERVJU MED UTVALDE DELTIDSINNBYGGARAR OG BUSETTE INNBYGGARAR I HYTTEFELT FOR Å FÅ DYBDEKUNNSKAP
 - SPØRJEUNDERSØKINGAR
 - SPØRSJEUNDERSØKINGAR RETTA MOT DELTINDSINNBYGGARAR FOR Å FÅ STATISTIKK, OG FORSTÅ UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER OPP MOT PROBLEMSTILLINGANE

STATISTIKK FRÅ KOMMUNEMATRIKKE

TAL FRITIDSBUSTADER OG EIGARSTATISTIKK


FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Alle fritidsboliger fordelt på postnummer



**TOTALT
4.640
FRITIDSBUSTADER**

*Tal fritidsbustader er henta frå motteken matrikkel frå kommunen sortert på gards- og bruksnummer

STATISTIKK FRÅ KOMMUNEMATRIKKELE

TAL FRITIDSBUSTADER OG EIGARSTATISTIKK


FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Fritidsbustader fordelt på postnummer



TOTALT
4.640
FRITIDSBUSTADER

EIGARSKAP:
PRIVAT 4.283
FIRMA 357

*Tal fritidsbustader er henta frå motteken matrikkel frå kommunen sortert på gards- og bruksnummer

STATISTIKK FRÅ KOMMUNEMATRIKKELE

TAL FRITIDSBUSTADER OG EIGARSTATISTIKK


FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Bustad kommune eigarar fritidsbustader Øystre Slidre "kommunar med meir enn 50 eigarar"



TOTALT
4.640
FRITIDSBUSTADER

EIGARSKAP:
PRIVAT 4.283
FIRMA 357

*Tal fritidsbustader er henta frå motteken matrikkel frå kommunen sortert på gards- og bruksnummer

STATISTIKK FRÅ KOMMUNEMATRIKKELE

TAL FRITIDSBUSTADER OG EIGARSTATISTIKK


FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Fritidsbustadseigarar fordelt på største regionar



TOTALT
4.640
FRITIDSBUSTADER

EIGARSKAP:
PRIVAT 4.283
FIRMA 357

*Tal fritidsbustader er henta frå motteken matrikkel frå kommunen sortert på gards- og bruksnummer

STATISTIKK FRÅ KOMMUNEMATRIKKE

TAL FRITIDSBUSTADER OG EIGARSTATISTIKK


FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Antall eigarar av fritidsbustader fordelt på alder



TOTALT
4.640
FRITIDSBUSTADER

EIGARSKAP:
PRIVAT 4.283
FIRMA 357

*Tal fritidsbustader er henta frå motteken matrikkel frå kommunen sortert på gards- og bruksnummer

DOKUMENTSTUDIER

SECOND HOMES (ØSTLANDSFORSKNING 01.2011)

- ▶ Ei viktig hypotese knytt til Second Homes
 - Standard, størrelse og investeringskostnader fører til at fritidsbustaden har fleire gjestedøgn enn eldre og enklare fritidsbustader.
- ▶ Studiar gjestedøgn:
 - Jevne utviklingstall på gjestedøgn på sommarstid på ulike lokasjonar
 - Store variasjonar frå lokasjon til lokasjon på vinterstid
- ▶ Viktige faktorar for auka bruk:
 - Ligg innanfor 3 timars køyring fra heilårsbustad
 - Vinterbrøyta veg fram til fritidsbustaden
 - Dagens fritidsbustader har tilnærma lik standard som heilårsbustader.

- ☐ Oppdragsgiver: Distriktssenteret
- ☐ Prosjektnavn : Second Homes i Norge - bidrag til en nordisk utredning
- ☐ Prosjektleder: Birgitta Ericsson

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

ØF-rapport nr. 1/2011

Second Homes i Norge

Bidrag til en nordisk utredning

av

Birgitta Ericsson, Terje Skjeggedal,

Tor Arnesen og Kjell Overvåg



DOKUMENTSTUDIER

SECOND HOMES (ØSTLANDSFORSKNING 01.2011)

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

- Studien viser til en undersøkelse gjort i Nord Aurdal Kommune i 2005 av Ericsson, Birgitta og Reidun Grefsrud (2005): Fritidshus i innlandet

Tab. 2.16. Profesjonelt arbeid med base i fritidsboligen?

Kunne du tenke deg i løpet av de neste 3 til 5 år å:	Rendalen	Gausdal	Nord- Aurdal
<u>Arbeide deler av året fra fritidshuset?</u>	%	%	%
- svært sannsynlig	1,4	1,2	2,4
- trolig	3,0	3,6	3,2
- kanskje	6,8	8,6	7,8
- neppe	20,0	23,3	25,4
- ikke sannsynlig	68,5	62,4	61,0
- gjør det allerede	0,2	0,9	0,3
<u>Drive egen næringsvirksomhet fra fritidshuset?</u>			
- svært sannsynlig	0,9	0,5	0,5
- trolig	1,4	0,9	1,1
- kanskje	3,8	3,4	3,5
- neppe	17,0	17,7	18,3
- ikke sannsynlig	76,4	77,0	76,3
- gjør det allerede	0,5	0,5	0,3
Basis (n, fra-til)	(558-572)	(571-584)	(623-642)

Kilde: Ericsson, Birgitta og Reidun Grefsrud (2005): Fritidshus i innlandet

Tab. 2.13. Spørsmål om fritidsboligeier vurderte fast flytting til fritidsboligen i nær framtid.

Rendalen, Gausdal og Nord-Aurdal kommuner, Øyfjell i Vinje k

Kunne du tenke deg i løpet av de neste 3 til 5 år å:	Rendalen	Gausdal	Nord- Aurdal
<u>Bosette deg fast i fritidshuset?</u>	%	%	%
- svært sannsynlig	0,9	0,9	0,6
- trolig	1,4	1,2	0,8
- kanskje	8,2	6,9	6,2
- neppe	17,8	22,0	20,8
- ikke sannsynlig	71,8	68,9	71,5
- gjør det allerede		0,2	0,2
Basis (n, fra-til)	(558-572)	(571-584)	(623-642)

Kilde: Ericsson, Birgitta og Reidun Grefsrud (2005): Fritidshus i innlandet



DOKUMENTSTUDIER

HYTTEFOLK = NYTTEFOLK? (NORDBØ 2007)

- ▶ Rapporten viser resultat fra to spørjeundersøkingar som er gjort i Tinn kommune og Vinje kommune i 2007.
- ▶ Fokuset i undersøkinga er å kartlegge
 - ressursane til eigarane av fritidsbustader,
 - korleis kommunane bør legge til rette for å nyttiggjere seg av gjestebuarar sin kompetanse og ressursar,
 - gjestebuarane sine ønsker knytt til roller i lokalsamfunnet
- ▶ BDO har lagt mest vekt på resultata for undersøkinga som vart gjennomført i Tinn kommune da demografien synes å vere mest lik Øystre Slidre kommune
- ▶ Undersøkinga har gitt oss nokre hypotesar å jobbe ut frå om hytteeigarane


- ☐ Oppdragsgiver: Samarbeid mellom Tinn og Vinje kommune og Telemark Fylkeskommune
- ☐ Prosjektnavn : «Hyttefolk»
- ☐ Prosjektleder: Ingeborg Nordbø

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?







DOKUMENTSTUDIER

HYTTEFOLK = NYTTEFOLK? (NORDBØ 2007)

► Spørjeundersøking - 848 respondenter (47%) i Tinn

Bostedsområde	Prosentvis fordeling
Kyststrøk Telemark-Vestfold	20 %
Oslo og omegn	19 %
Asker og Bærum	11 %
Drammen-Øvre Eiker	9 %
Grenland	9 %
Kongsberg/Notodden	8 %
Kyststrøk øst	5 %
Øvrig	16,5 %
Ubesvart	2,5 %



FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

DOKUMENTSTUDIER

HYTTEFOLK = NYTTEFOLK? (NORDBØ 2007)

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR


FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

- På kva områder ynskjer hyttefolket å bidra?

Kunne du i Tinn tenke deg å...?



DELTIDSINNBYGGAR TIL INNBYGGAR

VURDERINGAR AV FUNN I ANALYSEN

PROBLEMSTILLINGAR

► KOR MANGE ER DET I DENNE GRUPPA OG KVEN ER DEI?

► KVA SKAL TIL FOR AT DELTIDSINNBYGGARANE SKAL VERTE INNBYGGARAR?

- «PENDLE TIL BYEN»
- FLYTTE VERKSEMDA TIL ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE
- LEVE SOM PENSJONIST I ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

- Statistikk viser at det er totalt 4.640 fritidsbustader i Øystre Slidre.
 - 1.920 av desse er registrert på Beitostølen
- Erfaring frå andre studiar viser at det er veldig liten andel som vurderer å flytte til fritidsbustaden.
 - Sannsynet for å flytte er større til meir integrerte dei er i lokalsamfunnet gjennom frivillige organisasjonar eller i næringslivet.
- Gjennom intervju med hytteforeining og næringslivsleiarar med hytter på Beitostølen blir det vurdert som mest sannsynleg at det er
 - pensjonistar som vurderer sterkast å flytte
 - personar som jobbar i frie yrker som ikkje er stadbundne.
 - Personar som jobbar innan tenestying/personleg pleie som kan utfylle tilbodet på Beitostølen og ha ein marknad blant eigarane av fritidsbustader.
 - Det vil vere insentiv gjennom arbeidsgivar avgift

DELTIDSINNBYGGAR TIL INNBYGGAR

VURDERINGAR AV FUNN I ANALYSEN

KVA ER VIKTIGE KRITERIER SOM VERTE VURDERT OM EIN SKAL BUSETTE SEG I FRITIDSBUSTADEN SIN?

Hovudfokus i vurderingane har vore knytt til Beitostølen der ein har flest fritidsbustader og best tilrettelagt for å flytte. Dei vidare vurderingane og anbefalingar er knytt opp mot Beitostølen

► INFRASTRUKTUR (VEGSTANDARD, FIBER, MM)

- Det vert i studiar peika på at god standard på infrastruktur gjer at fritidsbustadene vert nytta oftare og at dette aukar sannsynet for at ein vel å flytte til fritidsbustaden.
- Det vert peika på frå fleire at det er dårleg tilgang på fiber på deler av Beitostølen. Dette bør utbyggast for å gjere det attraktivt for fleire å vurdere å flytte.

► STANDARD PÅ FRITIDSBUSTAD

- Studiar syner at høg standard på fritidsbustadene aukar bruk og aukar og sannsynet for at ein vel å flytte.
- Standarden og storleik på Beitostølen er gjennomgåande høg.

«KVA ER DEI
VIKTIGASTE KRITERIA
FOR Å UTLØYSE
FLYTTING?»

FRÅ
DELTIDSINNBYGGAR
TIL INNBYGGAR

► URBANITET/SENTRUMSFUNKSJONAR

- Beitostølen har gode urbane fasilitetar i sentrum gjennom butikkar, tenester, restaurantar og kafear.
- Få kulturtilbod/opplevingar på Beitostølen som for eksempel kino, teater, osv.

► ØKONOMISKE INSENTIV

- Det er få insentiv for dei som vel å flytte knytt til eigedomsskatt, kommunale avgifter eller skatt.
- Dersom ein realiserer eigedom i byen vil dette redusere kostnader, men det er grunn til å tru at dei fleste vil bevare bustad og i byen.
- Bedrifter som vel å flytte til kommunen vil få arbeidsgivaravgift i sone 3 som er 6,4%. For bedrifter i Sone 1 med 14,1% vil dette bety ein reduksjon på 7,7%.

► KOMMUNALE TENESTER (BARNEHAGE, SKULE, HELSE OSV.)

- Lett tilgang på barnehage og skule vil vere viktig for familiar som flyttar. Det er ikkje skule på Beitostølen som vil medføre pendling for borna.
- Den mest realistiske målgruppa er pensjonistar som vil vere opptekne av helsetenester. Deler av denne tenesta blir utført på Fagernes som blir peika på som stor avstand. Det er uklart om dette vil vere avgjerande for dei som vurderer å flytte.

DELTIDSINNBYGGAR TIL INNBYGGAR

VURDERINGAR AV FUNN I ANALYSEN

«KVA ER DEI VIKTIGASTE
KRITERIA FOR Å UTLØYSE
FLYTTING?»

FRÅ
DELTIDSINNBYGGAR
TIL INNBYGGAR

► KUNNSKAP-/ INNOVASJONSSENTER (KONTORFELLESSKAP, NETTVERK)

- Næringshage eller «coworking space» vert vurdert. Det blir peika på at dette bør etablerast på Beitostølen dersom det skal vere relevant.
- Delte meiningar om dette vil bli nytta, der nokre peikar på at ein har gode fasilitetar på hotella eller at det har vore testa tidlegare i mindre skala.
- Enkelte meiner dette kan vere relevant dersom ein får gode fasilitetar der og lokale bedrifter er lokalisert. Dette for at det må vere kontinuerleg aktivitet i lokala og moglegheiter for å bygge eit nettverk.

► OMREGULERING FRITIDSBUSTAD -> BUSTAD

- Liten kunnskap om moglegheiter for å regulere om til fast bustad.
- Det bør informerast ut til alle eigarar av fritidsbustader om moglegheiter å regulere om, og eventuelle insentiv for å busette seg i kommunen.

Anbefalingar forprosjekt

► Spørjeundersøking retta mot eigarane av fritidsbustader for å:

- Kartlegge djupare kven dei er og kva som skal til for å flytte
- Kor mange som vurderer å flytte, kva gruppe er dei i
- Kor mange som kan vurdere å flytte eiga bedrift
- Kva kriteria og tiltak må utviklast for at det skal vere aktuelt
- Korleis kan ein engasjere dei sterkare inn i utviklinga av Beitostølen

► Etter spørjeundersøkinga bør ein utvikle informasjonsmateriell knytt til regulering av fritidsbustad til heilårsbustad

- Kartlegge økonomiske konsekvensar ved å regulere om
- Vurdere insentiv for dei som vel å flytte

► Utreie moglegheiter for «coworking space» saman med eksisterande bedrifter på Beitostølen

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL INNBYGGAR

DETALJERING AV PROBLEMSTILLINGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL INNBYGGAR

«KVIFOR VEL NOKON AV
GJESTEARBEIDARANE Å
FLYTTE TIL ØYSTRE
SLIDRE KOMMUNE, OG
KVA KJENNETEIKNAR
DEI?»

PROBLEMSTILLING

- KVA SKAL TIL FOR AT FLEIRE VIL BUSETTE SEG I KOMMUNEN?
 - STABIL OG KOMPETENT ARBEIDSKRAFT TIL NÆRINGSLIVET
- KOR MANGE GJESTEARBEIDARAR HAR EIN (ANTALL OG BRANSJE) OG KVEN ER DEI?
- KVA ER BEHOVA OG YNSKJA TIL NÆRINGSLIVET?
 - KVA SESONGVARIASJONAR HAR EIN? «FULLTID»
 - KVA REKRUTTERINGSBEHOV HAR EIN?
 - KORLEIS FÅR EIN TAK PÅ GJESTEARBEIDARAR?
- KORLEIS KAN EIN UTVIKLE STRATEGIAR FOR Å FÅ FLEIRE TIL Å BUSETTE SEG?

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL INNBYGGAR

HYPOTESER PÅ KRITERIER FOR FLYTTING

FRÅ
GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

«KVA ER DEI
VIKTIGASTE KRITERIA
FOR Å UTLØYSE
BUSETTING?»

VURDERINGSKRITERIE

- KVA ER VIKTIGE KRITERIER SOM PÅVERKAR OM GJESTEARBEIDARANE VIL BUSETTE SEG I KOMMUNEN?
 - KULTURELLE TILHØVE
 - ØKONOMISKE FORHOLD (FOR GJESTEARBEIDARANE MEN OGSÅ FOR NÆRINGSLIVET)
 - MANGEL PÅ MØTEPLASSAR - INTEGRASJON
 - ATTRAKTIVE BUSTADER (EIGE/LEIGE/TYPE)
 - ATTRAKTIVE ARBEIDSPlassar (LØNN, VILKÅR, FULLTID/DELING AV ARBEIDSKRAFT)

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL INNBYGGAR

INNENTE DATA FOR Å VURDERE PROBLEMSTILLINGANE OG KRITERIA

FRÅ
GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

«KORLEIS INNENTE
DATA FOR Å UTVIKLE
ELLER SVARE PÅ
PROBLEMSTILLINGANE?»

METODE

- KORLEIS FINNE SVAR PÅ DEI ULIKE KRITERIANE?
 - STATISTIKK
 - KOR MANGE GJESTEARBEIDARAR ER DET I KOMMUNEN, OG KVAR KJEM DEI FRÅ? KOR LENGE ARBEIDER GJESTEARBEIDARANE I SNITT? KVA BRANSJE ARBEIDER DEI I?
 - GJENNOMGANG AV TIDLEGARE STUDIER
 - UNDERSØKE KVA FOR FORSKING OG STUDIER SOM HAR VORE GJORT TIDLEGARE, OPPRETTE KONTAKT OG GJENNOMGÅ PROSJEKT OG STUDIAR FOR VURDERING MOT PROSJEKTET (DISTRIKSSENTERET, HØGSKULEN INNLANDET, TELEMARKSFORSKNING, VALDRES NÆRINGSHAGE, MM)
 - KARTLEGGINGSINTERVJU
 - INTERVJU MED NÆRINGSLIV OG GJESTEARBEIDARAR (BÅDE DEI SOM HAR VORE GJESTEARBEIDARAR MEN SOM NO HAR FLYTTA TIL KOMMUNEN, OG DEI SOM I DAG KUN ER GJESTEARBEIDARAR)
 - SPØRJEUNDERSØKINGAR
 - SPØRJEUNDERSØKINGAR RETTA MOT NÆRINGSLIVET OG GJESTEARBEIDARAR FOR Å FÅ STATISTIKK, OG FORSTÅ UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER OPP MOT PROBLEMSTILLINGANE

STATISTIKK GJESTEARBEIDERE SSB

UTVIKLING OG OVERSIKT TOTAL

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR


FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Tal ikkje busette lønnstakarar Øystre Slidre kommune 2015 - 2018

«Definert som at dei er lønnstakarar registrert i Øystre Slidre, men ikkje registrert busette»



STATISTIKK GJESTEARBEIDERE SSB

ETTER NASJONALITET

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR


FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Tal pr nasjonalitet - ikkje busette lønnstakarar per 2018

Øystre Slidre kommune

«Definert som at dei er lønnstakarar registrert i Øystre Slidre, men ikkje registrert busette»



STATISTIKK GJESTEARBEIDERE SSB

UTVIKLING OG NASJONALITET 2015-2018


FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Oversikt over tal gjestearbeidarar etter nasjonalitet Øystre Slidre kommune i perioden 2015 - 2018



«Definert som at dei er
lønnstakarar registrert i Øystre
Slidre, men ikkje registrert
busette»

DOKUMENTSTUDIER

LIVSKRAFTIGE LOKALSAMFUNN - TILFELDIG OG PLANLAGT? (DISTRIKTSSENTERET)

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Viktige «BLI - FAKTORAR» som aukar sjansane for å bli buande

- ▶ Viktigaste «bli - faktor» er å ha ein **jobb**, der ein får brukt kompetansen ein har
- ▶ Når innvandrarar kjøper sin første **bustad** signaliserer ein eit langsiktig ønske om å verte buande i kommunen. Støtte frå kommunen til å skaffe eigna bustad har særstor betydning for om familiane verte buande i kommunen
- ▶ Godt **oppvekstmiljø** og gode **utdanningsmoglegheiter**. Innvandrarar har ofte store ambisjonar for borna sine. Gode utdanningsmoglegheiter for dei er ein viktig faktor. Ofte ønsker familiane at borna vert buande heime i utdanningsløpet
- ▶ Godt **sosialt miljø** og **møteplassar** er viktig for at innvandrarar skal føle seg heime i kommunen. Dei ønsker å vere ein del av eit sosialt nettverk, delta og bidra i lokalsamfunnet

- ❑ Oppdragsgiver: Distriktssenteret
- ❑ Prosjektnavn : Livskraftige lokalsamfunn - tilfeldig og planlagt?
- ❑ Redaktører: Lillian Hatling og Dan-Erik Aggvin



«Samling over faglege utdrag frå ulike prosjekt knytt til gjestearbeidarar og innvandrarar som distriktssenteret har jobba med gjennom 10 år»

DOKUMENTSTUDIER

LIVSKRAFTIGE LOKALSAMFUNN - TILFELDIG OG PLANLAGT? (DISTRIKTSSENTERET)

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Viktige «BLI - FAKTORAR» som aukar sjansane for å bli buande

- ▶ Den lokale **eliten si haldning** til innvandrarar. For kommunar der lokale har eit skeptisk syn på innvandring, kan dei ledande personane i kommunen, næringsliv og lokalsamfunnet endre desse syna med å tydeleg signalisere at innvandrarar er viktig for næringsliv og lokalsamfunn. Der dette er tilfelle kjenner innvandrarar at dei betyr noko i lokalsamfunnet, som vidare gjer at dei kjenner seg velkomne og verdsett. Dette bygger lyst til å bli værande i kommunen
- ▶ **Gründerar** blant innvandrarar kan auke aktiviteten i næringslivet ved at innvandrarar som ynskjer å etablere ny verksemd kan støtte seg på ulike mentorer i kommunen. Kan typisk være pensjonerte næringslivsleiarar som kan være diskusjonspartnarar
- ▶ Innvandrarar i **landbruk** - mange innvandrarar har kompetanse og erfaring, men kjenner ikkje norske forhold. God integrering kan skape nytenking og innovasjon

- ☐ Oppdragsgiver: Distriktssenteret
- ☐ Prosjektnavn : Livskraftige lokalsamfunn - tilfeldig og planlagt?
- ☐ Redaktører: Lillian Hatling og Dan-Erik Aggvin



«Samling over faglege utdrag frå ulike prosjekt knytt til gjestearbeidarar og innvandrarar som distriktssenteret har jobba med gjennom 10 år»

DOKUMENTSTUDIER

TEMAHEFTE - INNVANDRING, INKLUDERING, SYSSELSETTING OG LOKAL UTVIKLING

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR


FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?



Integrering



Inkludering

Integrering brukes i mange sammenhenger om tiltak knyttet til nyankomne flyktninger. Inkludering kan ha en bredere tilnærming og handle om at alle skal ha like muligheter og plikter til å bidra og delta i samfunnet.



- ☐ Oppdragsgiver: Distriktssenteret og IMDI
- ☐ Prosjektnavn : Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling
- ☐ Temahefte

DOKUMENTSTUDIER


TEMAHEFTE - INNVANDRING, INKLUDERING, SYSSELSETTING OG LOKAL UTVIKLING

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?



► Hovudfunn inkludering:

- Arbeid, fagbrev og språkkurs
- Møteplassar (eks. biblioteket)
- Tilflyttar verter
- Regional internasjonalt råd
- Integreringsråd
- Nettverk - «norske venner» aukar sysselsetting
- Delta i frivillige organisasjonar
- Mentorordning i arbeidslivet
- Bustader



- ☐ Oppdragsgiver: Distriktsenteret og IMDI
- ☐ Prosjektnavn : Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling
- ☐ Temahefte

ØKONOMISKE INCENTIV

KVA ER INCENTIV FOR BEDRIFTENE KNYTT OPP MOT BRUK AV GJESTEARBEIDARAR?

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Reiseliv

Faste kontraktar:

- ▶ Tilsette på faste kontraktar i bedrifta, lik lønn som fastbuande - skattar til kommunen dei bur/registrert i
- ▶ Korte kontraktar gir fleksibilitet i sesong, men høg kostnad knytt til opplæring av nye
- ▶ Utfordring å få større stillingar og heilårs kontraktar

Bygg og anlegg

«Firma registrert i Øystre
Slidre med tilsette i
kommunen vil ha 7,7% lågare
arbeidsgivaravgift samanlikna
med by/regionsenter»

Faste kontraktar:

- ▶ Tilsette på faste kontraktar i bedrifta, lik lønn som fastbuande - skattar til kommunen dei bur/registrert i
- ▶ Tilsette frå land omfatta av EØS avtalen, nye reglar 2019 (pendlarstatus, kjeldeskattdordninga-PAYE, gått meir vekk frå nettolønn, kost/losji/reise)
- ▶ Mange på ulike turnus ordningar, for eksempel 6 veker på + 2 veker fri (54 timer veke, tek ferie på friperiode)

Prosjektbasert:

- ▶ Innleigd via norske selskap - same lønn som faste kontraktar.
- ▶ Gir større fleksibilitet i forhold til toppar i prosjekt, fleire bedrifter er sett opp med forretningsmodell der ein leiger inn stor del av utførande.

Utanlandske firma:

- ▶ Utanlandske firma blir leigd inn til å utføre avgrensa oppgåver (montasje)
- ▶ Lønna etter utanlandske vilkår, skattar ikkje til Norge
- ▶ Vesentleg lågare lønningar og kostnad for entreprenør
- ▶ Enkelte har element produksjon i lågkostland for å halde byggekostnad nede

GJESTEARBEIDAR TIL INNBYGGAR

VURDERINGAR AV FUNN I ANALYSEN

PROBLEMSTILLINGAR

- ▶ KOR MANGE GJESTEARBEIDARAR HAR EIN (ANTALL OG BRANSJE) OG KVEN ER DEI?
- ▶ KVA ER BEHOVA OG YNSKJA TIL NÆRINGSLIVET?
 - KVA SESONGVARIASJONAR HAR EIN? «FULLTID»
 - KVA REKRUTTERINGSBEHOV HAR EIN?
 - KORLEIS FÅR EIN TAK PÅ GJESTEARBEIDARAR?
- ▶ KVA SKAL TIL FOR AT FLEIRE VIL BUSETTE SEG I KOMMUNEN?
 - STABIL OG KOMPETENT ARBEIDSKRAFT TIL NÆRINGSLIVET
- ▶ KORLEIS KAN EIN UTVIKLE STRATEGIAR FOR Å FÅ FLEIRE TIL Å BUSETTE SEG?

«KVA ER DEI
VIKTIGASTE KRITERIA
FOR Å UTLØYSE
BUSETTING?»

FRÅ GJESTEARBEIDAR
TIL INNBYGGAR

- ▶ Statistikk frå SSB viser at det ved utgangen av 2018 var registrert 64 gjestearbeidarar.
 - Hovuddelen av desse kjem frå aust europeiske land, i tillegg til dei nordiske landa.
 - Fleste av desse er knytt opp mot reiselivsnæringa og arbeider på faste kontraktar.
- ▶ Det er eit uttrykt ynskje frå reiselivsnæringa å få fleire til å bli faste innbyggjarar.
 - Utfordringa er knytt til enkelte sesongvariasjonar og at fleire har små stillingar og fleire jobbar.
- ▶ Nivået på gjestearbeidarar er forventa å vere på dagens nivå.
- ▶ Ein rekrutterer i dag via eksisterande tilsette tilbake til deira heimland.
- ▶ Bygg og anleggsbransjen har og ein god del gjestearbeidarar, men mange av desse bedriftene har forretningsadresse utanfor Øystre Slidre og gjestearbeidarane blir ikkje registrert i Øystre Slidre.

GJESTEARBEIDAR TIL INNBYGGAR

VURDERINGAR AV FUNN I ANALYSEN

KVA ER VIKTIGE KRITERIER SOM PÅVERKAR OM GJESTEARBEIDARANE VIL BUSETTE SEG I KOMMUNEN?

Hovudfokus i vurderingane har vore knytt til gjestearbeidarar knytt til reiseliv og bygg/anlegg på Beitostølen. Vurderingane er likevel relevante for heile Øystre Slidre.

► ATTRAKTIVE ARBEIDSPlassar (LØNN, VILKÅR, FULLTID/DELING AV ARBEIDSKRAFT)

- Det vert peika på at det er arbeidsplassar tilgjengeleg for gjestearbeidarar, men at ein del stillingar er for små.
- Ein del personar har fleire stillingar i ulike bedrifter for å ha ei lønn til å kunne opphalde seg i kommunen.
- Næringslivet ser at det er eit behov for å samkøyre behova for å kunne tilby tilnærma fulle stillingar til dei ein ynskjer skal vere i kommunen heile året og bli innbyggjarar.
- Dei fleste er tilsett på faste kontraktar og med like lønnsvilkår som fastbuande.
- Kurs og vidareutdanning kan vere eit verkemiddel for å få fleire til å bli og integrere seg sterkare i lokalmiljøet.

«KVA ER DEI
VIKTIGASTE KRITERIA
FOR Å UTLØYSE
BUSETTING?»

FRÅ GJESTEARBEIDAR
TIL INNBYGGAR

► ATTRAKTIVE BUSTADER (EIGE/LEIGE/TYPE)

- Det er få gode bustader tilgjengeleg for leige for gjestearbeidarar. Mange er avhengig av å kunne vere nær arbeidsplassen når ein har vakter sidan kollektivtilbodet er dårleg i kommunen.
- Dei fleste ynskjer å leige leilegheit eller hybel, det blir antyda pris frå 2-7.000,- pr måned.
- Det er initiativ i næringslivet for å sjå på bustader tett på Beitostølen for denne gruppa.

► ØKONOMISKE FORHOLD (FOR GJESTEARBEIDARANE MEN OGSÅ FOR NÆRINGSLIVET)

- Gjestearbeidarar kan gje fleksibilitet til næringslivet for å handtere toppar i sesongar.
- Reiselivet ynskjer faste tilsette for å bygge kompetanse og unngå kostnad på opplæring på nye tilsette.
- Bygg og anleggsbransjen har større svingingar og har behov for fleksibilitet. Denne bransjen legg meir opp til turnusordningar der dei er tilbake i heimlandet i periodar. Enkelte aktørar nyttar og utanlandske firma til deler av byggeprosessen på Beitostølen og sparar lønnskostnader på denne måten.
- Gjestearbeidarar frå Aust-Europa tener godt i Norge samanlikna med eige land og har god levestandard ved å arbeide i Norge.

GJESTEARBEIDAR TIL INNBYGGAR

VURDERINGAR AV FUNN I ANALYSEN

► KULTURELLE TILHØVE

- Språkopplæring blir peika på som det viktigaste tiltaket for å behalde og utvikle gjestearbeidarane. Ein opplev lite problem knytt til kulturelle tilhøve på arbeidsplassane, det er språk som ofte er utfordringa.

► MANGEL PÅ MØTEPLASSAR - INTEGRASJON

- Dei som lærer seg språket deltek meir aktivt på aktivitetar utanfor arbeidsplassen. Dette er viktig for å sikre god integrasjon

«KVA ER DEI
VIKTIGASTE KRITERIA
FOR Å UTLØYSE
BUSETTING?»

FRÅ GJESTEARBEIDAR
TIL INNBYGGAR

Anbefalingar forprosjekt

- Kartlegge form og innhald i norsk opplæring som kan tilbydast saman med næringslivet på Beitostølen
- Arbeide vidare med bustadtilgang for gjestearbeidarar saman med næringslivet
- Samle næringslivet til fora for å drøfte korleis ein kan samkøyre tilbod av stillingar til gjestearbeidarar - sikre større stillingar, deling av kompetanse
- Vurdere å invitere til gründerprogram for gjestearbeidarar/innvandrar
- Vurdere lokale kurs/etterutdanning som kan vere relevante for ulike grupper av gjestearbeidarar for å utvikle seg vidare og knytte dei sterkare til staden.

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

FRÅ ASYLSØKAR TIL INNBYGGAR

DETALJERING AV PROBLEMSTILLINGAR

FRÅ ASYLSØKAR TIL INNBYGGAR

PROBLEMSTILLING

- KVA KRAV EKSISTERER FOR Å MOTTA ASYLSØKJARAR?
- KVA SKAL TIL FOR Å TILFREDSSTILLE KRAVA TIL BUSETTING AV FLYKTNINGAR?
 - AUKA TILFLYTTING TIL KOMMUNEN
 - KVA GJER ANDRE SAMANLIKNBARE KOMMUNAR?
- KORLEIS UTVIKLE SAMARBEID MED NÆRINGSLIVET SOM SIKRAR ARBEIDSPlassAR FOR BUSETTE FLYKTNINGAR OG ARBEIDSKRAFT TIL NÆRINGSLIVET?
 - SIKRE INKLUDERING

FRÅ ASYLSØKAR TIL INNBYGGAR

HYPOTESER PÅ KRITERIER

FRÅ ASYLSØKAR TIL
INNBYGGAR

«KVA ER DEI
VIKTIGASTE
KRITERIA FOR Å
KUNNE TA IMOT?»

VURDERINGSKRITERIE

- KVA ER VIKTIGE KRITERIER SOM PÅVERKAR OM KOMMUNEN KAN TA IMOT ASYLSØKJARAR?
 - KRAV FRÅ DEPARTEMENTET
 - KAPASITET OG KOMPETANSE TIL Å TA IMOT FLYKNTNINGAR
 - SAMARBEID MED NÆRINGSLIV OG KOMMUNE

FRÅ ASYLSØKAR TIL INNBYGGAR

INNHENDE DATA FOR Å VURDERE PROBLEMSTILLINGANE OG KRITERIA

FRÅ ASYLSØKAR TIL
INNBYGGAR

«KORLEIS INNHENDE
DATA FOR Å UTVIKLE
ELLER SVARE PÅ
PROBLEMSTILLINGANE?»

METODE

- KORLEIS FINNE SVAR PÅ DEI ULIKE KRITERIANE?
 - STATISTIKK
 - STUDIER
 - KRAV OG KRITERIER FRÅ UTENRIKSDEPARTEMENTET
 - KVA GJER KOMMUNAR PÅ DETTE OMRÅDET SOM ER SAMANLIKNBARE MED ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE?
 - KARTLEGGINGSINTERVJU
 - SAMTALE OG GJENNOMGANG AV REGELVERK MED FLYKTNINGSKONSULENT I KOMMUNEN
 - OPPRETTE KONTAKT OG UNDERSØKE OFFENTLIGE KRAV MED UTENRIKSDEPARTEMENTET
 - DYBDE INTERVJU MED UTVALDE NÆRINGSLIVSAKTØRAR KNYTT TIL SAMARBEID OM ARBEIDSPlassAR FOR FLYKTNINGAR
 - SPØRJEUNDERSØKINGAR
 - SPØRJEUNDERSØKINGAR MOT NÆRINGSLIVET FOR Å KARTLEGGE KORLEIS DEI STILLER SEG TIL SAMARBEID OM ARBEIDSPlassAR FOR FLYKTNINGAR

KRITERIER FOR BUSETTING AV FLYKTNINGAR

KRITERIA ER SETT AV KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

8 kriteria for busetting av flyktningar i kommunane

- ▶ Flyktninger skal bosettes i alle landsdeler - styrt og spredt bosetting
- ▶ Resultater i introduksjonsprogrammet de siste tre årene samt muligheten for å få **arbeid** i regionen skal tillegges **størst vekt**
- ▶ Kommunens **kapasitet** og **kompetanse** til å sikre godt integreringsarbeid skal tas hensyn til ved anmodninger. Dette vurderes blant annet med utgangspunkt i kommunens innbyggertall
- ▶ Ingen kommune skal anmodes om færre enn **10 personer**, med mindre det foreligger særskilte forhold som barn og unges behov for nærhet til familie og nettverk
- ▶ Det skal tas hensyn til beredskap for opp- og nedbygging av **bosettingskapasiteten**, stabilitet i tjenestetilbudet og evne til rask omstilling
- ▶ Det skal som hovedregel ikke bosettes flyktninger i områder med særskilt høy andel innvandrerbefolkning
- ▶ Kommuner med **integreringsmottak**, inkludert randkommuner, skal vurderes særskilt for anmodning om besetting
- ▶ Det skal i størst mulig grad sikres **kontinuitet** i bosettingsarbeidet

KRITERIER FOR BUSETTING AV FLYKTNINGAR

KRITERIA ER SETT AV KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

Resultater i **introduksjonsprogrammet** og mulighet for **arbeid** skal vektes med omlag **60 prosent** i vurderingen, noe som er betydelig høyere enn dagens ordning.

Kommunens **kapasitet** og **kompetanse** skal blant annet operasjonaliseres gjennom **innbyggertall** og vektes med omlag **40 prosent** i vurderingen

FRÅ DELTIDSINNBYGGAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ GJESTEARBEIDAR TIL
INNBYGGAR

FRÅ ASYLSØKJAR TIL INNBYGGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG
OG RETT BUSTADFORSYNING?

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG OG RETT BUSTADFORSYNING?

DETALJERING AV PROBLEMSTILLINGAR

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG OG RETT BUSTADFORSYNING

«ER BUSTADFORSYNINGA I DAG
TILSTREKKELEG FOR Å TILTREKKE
SEG INNBYGGARAR, ELLER MÅ EIN
UTVIKLE NYE BUSTADER OG
KONSEPT?»

PROBLEMSTILLING

- HAR KOMMUNEN DEN BUSTADFORSYNINGA SOM INNBYGGARAR OG POTENSIELLE TILFLYTTARAR ETTERSPOØR?
 - KVA BEHOV HAR ULIKE MÅLGRUPPER?
 - KORLEIS FUNGERER BUSTADMARKNADEN I DAG?
- KVA VERKEMIDDEL KAN KOMMUNEN NYTTE?
- ER DET ETTERSPOØRSEL ETTER MEIR TYDELEGE MØTEPLASSAR OG SENTRUMSFUNKSJONAR I KOMMUNEN I TILLEGG TIL DET TILBODET KOMMUNEN HAR PER I DAG?
 - VIL SLIKE MØTEPLASSAR OG SENTRUMSFUNKSJONAR KUNNE FØRE TIL AUKA TILFLYTTING?

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG OG RETT BUSTADFORSYNING?

HYPOTESER PÅ KRITERIER FOR FLYTTING

HAR KOMMUNEN
TILSTREKKELEG OG
RETT
BUSTADFORSYNING

VURDERINGSKRITERIE

- KVA KRITERIER ER VIKTIGE NÅR POTENSIELLE INNBYGGARAR VURDERER BUSTADER I ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE?
 - TYPE BUSTADER - STORLEIK, KVALITETAR, PRIS, OSV
 - LOKALISERING AV BUSTAD
 - MØTEPLASSAR OG SENTRUMSFUNKSJONAR
 - KOMMUNALE TENESTER OG AVGIFTER

«KVA BEHOV OG
KRITERIER HAR DEI
ULIKE MÅLGRUPPENE?»

HAR KOMMUNEN TILSTREKKELEG OG RETT BUSTADFORSYNING?

INNENTE DATA FOR Å VURDERE PROBLEMSTILLINGANE OG KRITERIA

HAR KOMMUNEN
TILSTREKKELEG OG
RETT
BUSTADFORSYNING

«KORLEIS INNENTE
DATA FOR Å UTVIKLE
ELLER SVARE PÅ
PROBLEMSTILLINGANE?»

METODE

- KORLEIS FINNE SVAR PÅ DEI ULIKE KRITERIANE?
 - STATISTIKK
 - KORLEIS ER UTVIKLINGA PÅ OMSETNADEN I BUSTADMARKNADEN I KOMMUNEN?
 - KVA TYPER BUSTADER HAR EIN I KOMMUNEN?
 - STUDIER
 - UNDERSØKE KVA FOR FORSKING, ERFARINGAR OG STUDIER SOM HAR VORE GJORT TIDLEGARE, OPPRETTE KONTAKT OG GJENNOMGÅ PROSJEKT OG STUDIAR FOR VURDERING MOT PROSJEKTET (HUSBANKEN, MM)
 - ULIKE BUSTADKONSEPT SOM HAR HATT EFFEKT PÅ TILFLYTTING
 - KORLEIS FÅ DYNAMIKK I BUSTADMARKNADEN
 - KVA ER GJORT MOT ULIKE MÅLGRUPPER
 - KARTLEGGINGSINTERVJU
 - DYBDEINTERVJU MED UTVALDE AKTØRAR I ULIKE MÅLGRUPPER (GJESTEARBEIDARAR, PENDLARAR, YNGRE ETABLERARAR, PENSJONISTAR, MM)
 - SPØRJEUNDERSØKINGAR
 - SPØRSJEUNDERSØKINGAR RETTA MOT UTVALDE MÅLGRUPPER FOR Å FÅ KUNNSKAP, FORSTÅ UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER OPP MOT PROBLEMSTILLINGANE



www.bdo.no

HARALD HUSABØ

Harald.husabo@bdo.no

Mobil - 950 28 150